Den kulturelle skulesekken

Lærarrettleiing for Meining DKS

Kvifor bruke Meining DKS som ein del av opplæringa?

Meining DKS er utvikla for å styrkje medverknaden og vurderingskompetansen til elevane, og leggje til rette for refleksjon i møte med kunst og kultur. Verktøyet varetek sentrale prinsipp i læreplanverket.

- Meining DKS gir elevane ei reell røyst og erfaring med å bli lytta til og påverke det som gjeld dei. Dette er i tråd med oppdraget til skulen om elevmedverknad og demokratisk deltaking.
- Meining DKS hjelper elevane med å reflektere over kunst- og kulturopplevingar, sjå saker frå fleire perspektiv og grunngi eigne standpunkt.
- Meining DKS øver elevane på å formulere og grunngi vurderingar, og gjer vurdering til ein integrert del av opplæringa.

Gjennomføring og innhald

Meining DKS fungerer som ei støtte for vurdering og refleksjon etter DKS-besøket, og elevane får oppleve medverknad og meiningsbrytning i praksis. Gjennomføringa tek ca. 10 minutt.

Trinn 1 – Førebuing for lærar

Første side er ei infoside for lærarar. Klikk vidare til elevsida for pålogging og vis ho for elevane.

Trinn 2 – Elevane loggar seg på verktøyet individuelt

- Nettbrett: Elevane loggar seg på gjennom å skanne QR-kode.
- Datamaskin: Elevane skriv mening.dks.no i nettlesar og tastar inn 8-sifra talkode.

Trinn 3 – Elevane vurderer individuelt

Elevane vurderer DKS-opplevinga og grunngir vurderingane sine. Aktiviteten kan bidra til å styrkje evna elevane har til refleksjon, og dessutan å tolke og vurdere kunstuttrykk.

Trinn 4 – Deling i par eller felles refleksjon

Elevane deler og forklarer eigne vurderingar i par, eller læraren leier ein felles samtale i klassen. Samtalen gir trening i å uttrykkje og grunngi eigne meiningar, og delta i meiningsbryting om kunst- og kulturopplevingar. Felles refleksjon kan bidra til å utvikle kritisk tenking ved å vurdere opplevingar ut frå ulike perspektiv og reflektere over eigne erfaringar, standpunkt og oppfatningar.

Kvifor er det viktig for DKS at elevar gir tilbakemelding?

Tilbakemeldingar etter ei DKS-oppleving gir elevane ei røyst i utviklinga av Den kulturelle skulesekken. Dette støttar opp under DKS sitt mandat og samfunnsoppdrag, og erfaringane til elevane gir DKS eit nødvendig kunnskapsgrunnlag som viser korleis tilbodet blir opplevd av målgruppa. Dette kan brukast til å vidareutvikle kvaliteten, relevansen og treffsikkerheita til tilbodet.

Tips for utvida bruk av verktøyet

Fortel elevane om DKS-opplevinga dei skal ha, og at dei skal vurdere den etterpå. Her er nokre tips til refleksjonsspørsmål de kan bruke i forkant og i den lærarstyrte oppsummeringa etterpå.

Før opplevinga

- Kva forventningar har du til opplevinga?
- Kva inneber det å vurdere kunst- og kulturopplevingar?
- På kva måtar kan same oppleving vere ulik for ulike personar?
- Kva er eit tema, og kvifor kan eit tema vere viktig å reflektere over etterpå?

Etter opplevinga

Refleksjonsspørsmåla tek utgangspunkt i spørsmåla elevane svarte på i Meining DKS.

Om opplevinga:

- Var noko nytt, annleis eller overraskande for deg, og kan du beskrive det?
- Gjorde opplevinga noko med deg, og kan du beskrive det?

Om val av farge (*mellomtrinn*):

- På kva måtar kan fargar uttrykkje litt meir enn ord?
- Kva seier fargen du valde om opplevinga di?

Om stemninga:

- På kva måtar kan stemninga i eit rom (til dømes lyd, lys eller menneske) påverke ei oppleving?

Om kvalitet:

- Kva legg du mest vekt på om du skal seie om noko er godt laga eller ikkje?
- Kva var viktigast for deg i vurderinga, og kvifor var det vanskeleg/lett å rangere?

Om tema:

- Kva handla opplevinga om, slik du forstår det?
- På kva måtar kan temaet i opplevinga vere viktig for deg eller nokon andre?

Om samtale i par:

- På kva måtar kan det å lytte til andres perspektiv utvikle deg og dine eigne meiningar?

Om forventningar og tilråding (*ungdomstrinn*):

- Kva forventningar hadde du til kunstmøtet, og på kva måtar blei forventningane stadfesta, utfordra eller endra etter sjølve opplevinga?
- Kva ville du sagt om du skulle tilrådd eller ikkje tilrådd opplevinga til nokon andre?

Kjekt å vite

Alle svar er anonyme, og det er ikkje mogleg for eleven å dele personavslørande opplysningar. Verktøyet er utvikla av Kulturtanken – Den kulturelle skulesekken Noreg i samarbeid med Institutt for pedagogikk ved Universitetet i Oslo, med støtte frå Regionale forskingsfond Oslo.